

Samarbeidsavtale mellom Gulen kommune og Gulen idrettsråd

1. **Avtalepartar** er Gulen kommune v/ordførar og Gulen idrettsråd v/leiar.
2. **Avtaleperiode:** Avtaleperioden følgjer kommunestyreperioden og skal fornyast etter fire år. Avtalen kan evaluerast etter to år og skal reviderast når ein av partane finn det nødvendig.
3. **Mål:** Samarbeidsavtalen skal vere med å:
 - fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen
 - sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
 - klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
 - sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet
4. **Idrettsrådet si rolle**
 - 4.1 Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Gulen kommune som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Vestland idrettskrets og underlagt NIF sine lover og vedtekter.
 - 4.2 Gulen idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og idrettskrinsen. Idrettsrådet skal gjere prioriteringar på vegne av idrettslaga.
5. **Samarbeidsrutinar, høyringsrett, medverknad**
 - 5.1 *Alle saker av felles interesse for idretten *)*, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.
 - 5.2 Gulen idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.
 - 5.3 Saker som blir fremja til kommunen av idrettsrådet, skal formidlast til kommuneadministrasjonen.
 - 5.4 Generell informasjon frå kommunen til idrettslaga blir sendt med kopi til idrettsrådet.
 - 5.5 All kommunikasjon mellom Gulen kommune og Gulen idrettsråd skal vere open og basert på gjensidig tillit. Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i kommunen.

**) Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med kommunen når saka har eller kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.*

6. Faste rutinar mellom kommunen og idrettsrådet

- 6.1 Kommunen har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med kommunen sitt

drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet.

6.2 Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering av kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.

6.3 Idrettsrådet gir uttale til søknader om spelemidler til anlegg.

6.4 Idrettsrådet skal uttale seg om tildeling av driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

7. Driftstilskot til idrettsrådet – rapportering

7.1 Kommunen løyver eit årleg tilskot til drift av idrettsrådet.

7.2 Idrettsrådet oversender kommunen årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap etter årsmøtet. Rapportane er grunnlag for utbetaling av tilskot til idrettsrådet.

8. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer

8.1 Minst ein gang i året skal kommunen si politiske leiing møte idrettsrådet for å drøfte vilkår og utfordringar for idretten i kommunen.


8.2 Idrettsrådet inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i kommunen.


8.3 Andre aktuelle avtalepunkt kan t.d. vere:

- Tildeling av treningstid, bruk eller drift av idrettsanlegg
- Samarbeidsprosjekt

Dato:

16/2-23


Hallvard Oppedal
Gulen kommune


Monica Rongved
Gulen idrettsråd